




# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 2, 2003/2004  
Oktober, november, desember  
President Harald Gudbrandsen



**Redaksjonskomité: Sindre Vik, Hillbjørg Austbø, Anders Lausund, Hjørdis Kristine Skaar**

## Møte 7. oktober 2003.

### Yrkesforedrag - attersyn.

Attersyn av seniormedlem Sigurd Landsverk.

Sigurd Landsverk (Brattvåg Vassverk personleg) kom til Brattvåg tidleg på 50-talet. Den første tida dreiv han med mindre bygg og anlegg. Første større oppdraget til byggfirmaet hans var Brattvåg Elektro sitt nybygg. Seinare fekk han dei fleste større oppdraga i området. Vi nemner berre Hildre Fiskevegnfabrik, Kreditbanken (Haramsnyttbygget) og Sparebanken Møre.

Seinare tok sonen Kåre og Roger Sønderland over bedrifta som fekk namnet SL-Bygg.

I 1986 fekk Sigurd Landsverk to års engasjement som byggeleiar i Haram kommune. Men Sigurd vart i kommunen i 13 år. Han fortalte at på 90-talet var arbeidsløysa stor og han fekk jobb med å prøve å sysselsette ar-

beidsledige i kommunen. Han skreiv brev i aust og vest og fekk både statsmidlar og midlar frå fylket til rydding. Slik byrja bygginga av den flotte turvegen langs Synnalandsvatnet til Gjersætra. Sigurd fortalte at han også gjekk til bedriftene i bygda for å få tilskot til å fullføre vegen.

- Eg fekk den hjelpa eg ba om. Ikkje ei einaste bedrift sa nei, fortalte Sigurd.

Frå 1981 har Sigurd vore styreleiar i Brattvåg Vassverk. I år vart han attvald for 22. gong. Då Sigurd tok over, var det dårleg økonomi i vassverket og skyhøge renter.

- Då knytte vi att sekkepøsen og betalte mest mogleg, sa Landsverk. Seinare har Brattvåg Vassverk utvikla seg til ei solid bedrift som har investert i moderne reinseanlegg og leverer godt og reint vatn.

Vassverket har også i høgste grad vore med på at Haram Kulturnhus kan bli realisert.

Sigurd fortalte også om då han var i Tysklandsbrigaden og om ferietur til Russland saman med Hallvard Ulstein. Han er også ein ivrig jeger og har i mange år vore medlem i Hildre og Brattvåg Skyttarlag.

Ein ting er sikkert — 77 år gamle Sigurd Landsverk har ikkje byrja på sin pensjonisttilvære endå.

HKS



*Sigurd Landsverk — den aktive "pensjonist"*

## Møte 14. oktober 2003.

### Eventyrarar på segltur - Felles møte med Inner Wheel.

President Harald ønskte velkommen til nytt rotarymøte.

Dagens program var møte med eventyrarane Anne Brevig og MartinVennesland.


Anne Brevig er søster til Kari Remmereit og var på vitjing med søster og svoger Njål. Anne og Martin la ut på reise med segl-skuta si Nor Siglar som skulle vare nokre få år. Ni år og 56 000 nautiske mil seinare hadde dei segla jorda rundt og besøkt 47 land og 29 øysamfunn.

Begge hadde tidlegare gode jobbar og levde eit vanleg A4-liv i Vancouver. Men for ti år sidan tok dei det store spranget. For å finansiere reisa, selde dei hus og eigedelar. Anne Brevig fortalte at før dei la ut på den lange turen, «prøve-budde» dei ombord i båten i seks år. Først og fremst for å sjå om dei kunne leve så tett innpå kvarandre over så lang tid, men også for å spare pengar til turen.

Meininga var at seglbåten, Nor Siglar, ei skute på 11,6 meter, skulle vere heimen deira i nokre få år, ikkje nokon av dei drøymde om at båten skulle bli deira einaste heim i 15 år.

Den reelle jordomseglinga tok fire år. Det vart ei reise spekka med opplevelingar på godt og på vondt, fortalte Anne Brevig.

Ho la ikkje skjul på at det av og



Eventyrarane Anne Brevig og Martin Vennesland i småbåthamna i Brattvåg.

til kunne vere tøft. Dei første fem seks åra var ho til dømes sjøsjuk i fleire dagar kvar gong dei la ut på det opne havet. Men alternativet var å reise heim og det var ikkje aktuelt.

Brevig og Vennesland viste bilde og fortalte om mange spesielle hendingar. Om ein fattig muslimsk familie som dei «adopterte». Om kollisjon med kval, storm i Gulfen og ryggoperasjonen til Martin i Marokko.

Den mest dramatiske hendinga var likevel då dei fekk eit garn i propellen ute på det opne havet. Etter dei kom heim har Anne skrive ei praktfull bok om livet ombord og om alle dei spennande hendingane undervegs.

HKS

### Møte 21. oktober 2003. Krabbefest

President Harald Gudbrandsen helste velkommen til alle rotarianarar og gjestar som hadde møtt opp til årets «Krabbefest». Rolv Rørhus leia festen som vart opna med *Krabbesang* av Kalle Kraft. Rundt 30 rotarianarar frå Ålesund Øst hadde tatt turen til Brattvåg for å vere i lag med oss.

Eit velsmakande måltid med førsteklasses krabbe frå Fjørtofta, fine reker og god drikke til, gav ei framifrå stemning under festen.

Presidenten i Ålesund Øst takka for invitasjonen og håpte på fleire slike samkomer mellom klubbane. President Gudbrandsen var enig og ymta frampå om invitasjon til «torskeaften» i Ålesund til våren.

Joakim Rønneberg frå Ålesund Øst var med og starta Brattvåg Rotaryklubb i 1966 og fortalte små historier frå den tida.

Drøsen gjekk livleg rundt borda og tida gjekk fort.

Den hyggelege kvelden vart avrunda med Rolv Rørhus las *Krabbelukt* frå Jostein Kvithaug si diktsamling. Trekning av lotteriet gav heile 5000 kroner som skal gå til Rotary Internasjonal.

HKS

### Møte 28. oktober 2003. Fritt møte.

President Harald minnte om guvernørbesøket neste gong, og bad komitéformennene om å møte ein time før, kl 1930. Kamerat-

skapskomiteen sørger for bevertning.

### Møte 4. november 2003. Guvernørbesøk.

Guvernør Bjørn Haukebø frå Molde vitja oss og følgde opp tradisjonen frå tidlegare guvernørbesøk. Først var det møte med alle komitéformennene, der desse fekk høve til til å legge fram planane eller "syftemåla" for kvar komité for rotaryåret. Guvernør Bjørn sa seg godt nøgd med aktiviteten i klubben.

I foredraget sitt var han innom mange av dei tema som er viktige i rotaryrørla. Han tok spesielt opp medlemsrekrutteringa og presenterte eit opplegg for denne. Han refererte verdspresident Jonathan Majiyagbe sitt motto *Lend a hand* og peika spesielt på at vi må ta vare på dei av våre medlemmer som kan ha ein vanskeleg periode. Elles tok han opp ungdomsuvekslinga, Handicamp, Polo Plus og Rotary Foundation.

Kameratskapskomitéen diskar opp med smørbrød og gjorde sitt til at det vart ein triveleg time med både åndeleg og kroppsleg føde.

SV

### Møte 11. november 2003. Brattvågdagen.

Når møtedagen fell på den 11.11, vert det ofte ekstra schwung over rotarymøta. Dette er Brattvåg sin åremålsdag, og dei siste åra har Brattvåg Janitsjar tatt på seg å arrangere selskap. Både Rotary og Inner Wheel la møta sine til bedehuset, der vi i lag med store og små feira Brattvågen med barnekorsong, janitsjarmusikk, kaffi og kaker og utloddning.

SV

### Møte 18. november 2003. Fritt møte.

President Harald videreformidlet godord fra guvernøren – han syn-

tes vi hadde en god klubb med godt samhold mellom medlemmene. 100-årsprosjektet vårt mente han var et passelig ambisiøst valg. Det er viktig å fullføre hva man begynner på, fine planer alene holder ikke.

Pensjonistlaget i Brattvåg er 30 år. Brattvåg Rotary ved Samfunnsskomiteen var med og stiftet laget etter initiativ fra Bernt Hildstrand. Lars Sønderland var lagets første formann. Brattvåg Rotary ønsker å gi Brattvåg pensjonistlag en gavesjekk på kr 500 i anledning jubileet.

Frammøteporsenten vår er nå 57,7 %.

Kulturprisen for 2004: Har vi aktuelle kandidater ?

Dato for årsfesten 2004 er fastsatt til 7. februar. Arrangementet blir i de samme lokaler som sist. Komiteen bør begynne jakten på god dansemusikk!

Juletreet ved sykeheimen skal settes opp. Julelysa er lokalisert på sykeheimen. Leif og Eldar ordner dette – ingen problemer med det. De hadde opplegget klart fra jula 2002.

HA

## Møte 25. november 2003. Internasjonal komité - Utvekslingsstudentar.

Brattvåg Rotary sin utvekslingsstudent i år, Stacey Caddy fra Australia, og Alice Gamlem som har vore eit år i hennar heimland, fortalte om opplevelingane sine som utvekslingsstudentar.

Først ute var Stacey som snart har vore i Brattvåg eitt år og som reiser heim over nyttår. Bortsett frå at undervisninga på skulen ikkje hadde vore så bra, hadde ho hatt eit fint år. Ho skrytta av familiene sine, av alt ho hadde lært og av alle opplevelingane ho hadde hatt. Alle turane familiene hadde tatt henne med på, hadde vore

fantastisk. Hennar favorittplass var Verpesdalen, men utan dusj og med utedo var ho fornøgd etter 2-3 dagar. Ho hadde også fått med seg Per Gynt spelet, Jazzfestivalen i Molde og fått klappa verdsstjerna Keiko. Stacey syntes også at 17. mai med masse bunadskledd folk og musikk var spesielt.

Ho fortalte også om ein flott tur saman med andre utvekslingsstudentar i Norden. Turen, som gjekk til Praha, Austerrike, Sveits, Frankrike og England, hadde vore opplevelsesrik og spennande.

Stacey takka familiene sine, Rotary Norge og Brattvåg Rotary-klubb for det fine opphaldet.

Alice Gamlem fortalte om den 35 timer lange flyturen til Australia og om kor godt ho vart tatt i mot.

Det var veldig kjekt på skulen

bortsett frå at ho måtte gå med uniform. Kjole, knestrømper og svarte sko. Skulen var forskjellig frå Noreg på mange måtar, men det faglege nivået var omlag det same. Det var strengare på skulen, men likevel fekk dei bevege seg meir omkring.

Det var ikkje vanskeleg å få venner og alt var veldig godt lagt til rette for utvekslingsstudentar der borte. Reglane var strenge og studentane fekk ikkje gå ut åleine. Ho hadde fått vere med på mange spennande turar, mellom anna ein stor safari der dei låg i telt i 17 dagar. Klatreturar og surfing var også ting ho sette stor pris på.

Alice skifta familie kvar tredje månad og det syntes ho var litt kipt, men det gjekk likevel greitt for ho var heldig med familiene sine. Det absolutt beste med dette året i Australia var alle dei gode venane ho hadde fått frå



Utvekslingsstudentane Stacey Caddy fra Australia (til høgre) og Alice Gamlem fra Gamlem

forskjellige land, sa Alice. Ho fortalte til dømes at ho om 1½ år skal møte to gode vener fra Japan

HKS

## Møte 2. desember 2003. Hedgefond og andre spareformer.

Arve Longva fra plasseringsavdelingen i Sparebanken Møre orienterte oss om forskjellige måter å spare penger på.

Det hele bygger på individuelle valg – noen ansett som sikre, andre mer risikofylte. De mest risikofylte gir størst avkastning (når det ikke går den gale veien). Den som har noen kroner man ønsker å satse på alderdommen, bør anbefalingsvis spre dem på forskjellige spareformer. Top ti er i øyeblikket hedgefond. Disse fonda er ulovlige å forvalte i Norge, men lovlige å selge. Dette er begrunnet med at det er ikke lov å drive shorthandel i Norge.

Hedgefonda investerer spredt, for eksempel i aksjemarkedet, rentemarkedet, råvaremarkedet, valutamarkedet. De har eksperter innenfor de ymse områdene for å ta seg av dette. Det store med denne type investering, er at man kan tjene penger i både stigende og fallende marked (den var ikke dum, vel?).

Mange hedgefond er lukket – investorene forvalter kun sine egne penger

Referenten stopper her ettersom faren for å drive villedning er overhengende. Den som ønsker å vite mer om disse sakene, bør henvende seg til ekspertisen.

Klubbsaker ved Harald:

Neste møte er Presidentens møte. Siste møte før jul er Julemøte og avskjed med Stacy.

Kulturprisen: Harald ber om navn på aktuelle kandidater

HA

## Møte 9. desember 2003. Presidentens møte

President Harald Gudbrandsen opna møtet og tok føre seg ein del klubbsaker før han tok eit raskt attersyn over møta hittil i rotaryåret. Han konkluderte med at det hadde vore eit fint og variert program.

Presidenten orienterte så om møtet på Ørskog om Rotary Foundation. Møtet dreia seg mykje om mål og midlar for verdensfondet og Polio Pluss. Målsettinga er 500 kroner per medlem til Polio Pluss som skal avsluttast i 2005.

Presidenten fortalte også om distriktskonferansen i Molde der han og sekretær Lidvar Sunde hadde vore. Temaet var etikk og verdiskaping. Han nemnde spesielt det interessante foredraget til Kåre Willoch. Dei hadde også fått omvising på Molde Stadion.

Presidenten hadde vore gjest under feiringa av Brattvåg Pensjonistlag sitt 30-årsjubileum. Det var rotarianarane Lars Sønderland og Bernt Hildstrand som var primus motor for stiftinga av pensjonistlaget.

Handicamp er Rotary Norge sitt prosjekt nummer ein. Det foregår i tidsrommet 25. juni til 8. august og er for ungdommar mellom 18 og 28 år. Presidenten etterlyste deltakrar og ledsagarar til Handicamp.

Han minnte også om 100-årsjubileet for Rotary i 2005. Brattvåg Rotary sitt 100-årsprosjekt er Brattholmen. Medlemstalet i klubben har gått ned med tre medlemmer og verving er som vanleg eit aktuelt tema.

HKS

## Møte 16. desember 2003. Julemøte.

Rammen om møtet var det aller beste – koselig dekket bord, julekaker og kaffe. Etter å ha gratu-

lert Thorleif med dagen, ble møtet innledet med den gamle, nydelige julesangen *Det lyser i stilte grender*. Harald leste et utdrag fra boken *Jul på Hadeland* i de gamle gode dager.

Hadelendingene har lange juletradisjoner som ivaretas, selv om de mest ekstreme har forsvunnet etter hvert, rimeligvis. Men fortsatt tenker jeg de støper sine lys og baker kakene som generasjoner før dem har gjort. Det årlige julebadet er nå antagelig utvidet til dusj to ganger om dagen, men tenk dere så nydelig det måtte være å fjerne ett års forbruk av svette – eller kanskje de følte seg nakne etterpå?

Internasjonal tjeneste har som oppgave å skape forståelse for hverandres levesett over hele verden, og ungdomsutvekslingsen er et viktig bidrag i så måte. Vi har vært så heldige å ha Stacy iblant oss det siste året.

Hun er en ualminnelig flott representant for sin klubb og sitt land. I midten av januar er oppholdet hennes i Norge over for denne gang. Hun fikk overrakt to bøker fra vårt område, *Brattvågboka* og *Sunnmøre sett fra luften* – hun skal ikke få glemme hvor hun har vært! Vi håper alle at Stacy har fått det utbyttet av oppholdet sitt som hun forventet, og at hun har med seg mange gode minner tilbake til hjemlandet sitt.

Som avslutning på møtet sang vi Deilig er jorden. Det betyr:

*God jul til alle medlemmene i Brattvåg Rotaryklubb og deres familier.*

HA

**Julens glæder  
ere tvende:  
først dens indtog,  
så dens ende.**

Piet Hein